

Saksbehandlar: Idar Sagen  
 Avdeling: Plan- og samfunnsavdelinga  
 Sak nr.: 13/2435-3

---

## Høringsuttale til søknader om løyve til å byggje 10 småkraftverk i Flora kommune

∴ Sett inn innstillingen under denne linja ↓

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane ved desse kraftverka til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt:
  - 1.1. Klauva kraftverk. Av omsyn til landskap bør det sleppast minstevassføring om sommaren tilsvarande 5-persentilen: 138 liter/sek.
  - 1.2. Litlevatnet kraftverk, alternativ A.
  - 1.3. Botnaelva kraftverk.
  - 1.4. Langedal kraftverk. Perioden med minstevassføring om sommaren bør aukast.
  - 1.5. Steindal kraftverk.
  - 1.6. Øvre Agledal kraftverk. Minstevassføringa bør aukast til dobbel 5-persentil sommar og vinter: ca. 190 liter/sek.
2. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved desse kraftverka til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår frå at konsesjon vert gitt. Det er m.a. lagt vekt på omsyn knytt til landskap og friluftsliv:
  - 2.1. Hestedalsvatnet kraftverk.
  - 2.2. Grønskredvatnet kraftverk
  - 2.3. Myrbærdalen kraftverk
  - 2.4. Løkkebø kraftverk

∴ Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

### Saksutgreiing for kvar enkelt søknad ligg under egne a-saker:

- 13/2435 nr. 4: Saksutgreiing for Klauva kraftverk
- 13/2435 nr. 5: Saksutgreiing for Hestedalsvatnet kraftverk
- 13/2435 nr. 6: Saksutgreiing for Grønskredvatnet kraftverk
- 13/2435 nr. 7: Saksutgreiing for Myrbærdalen kraftverk
- 13/2435 nr. 8: Saksutgreiing for Litlevatnet kraftverk
- 13/2435 nr. 9: Saksutgreiing for Løkkebø kraftverk
- 13/2435 nr.10: Saksutgreiing for Botnaelva kraftverk
- 13/2435 nr.11: Saksutgreiing for Langedal kraftverk
- 13/2435 nr.12: Saksutgreiing for Steindal kraftverk
- 13/2435 nr.13: Saksutgreiing for Øvre Agledal kraftverk

### Vedlegg til fellessaka:

1. Brev frå NVE 18.03.2013.
2. Kunngjeringsstekst frå NVE
3. Oversiktskart utarbeidd av NVE
4. Uttale frå Flora Turlag, brev til NVE og Flora kommune 02.06.13.
5. Uttale frå Flora kommune, saksutgreiing, bystyret 13.06.13.

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Konsesjonssøknad Klauva kraftverk. Januar 2013.
2. Konsesjonssøknad Hestedalsvatnet kraftverk. Desember 2012.

3. Konesjonssøknad Grønskredvatnet kraftverk. Mars 2013.
4. Konesjonssøknad Myrbærdalen kraftverk. Februar 2013
5. Konesjonssøknad Litlevatnet kraftverk. Mars 2013.
6. Konesjonssøknad Løkkebø kraftverk. Februar 2013.
7. Konesjonssøknad for Botnaelva kraftverk. Februar 2013.
8. Konesjonssøknad for Langedal kraftverk. Februar 2013.
9. Konesjonssøknad for Steindal kraftverk. Februar 2013.
10. Konesjonssøknad for Øvre Agledal kraftverk. Februar 2013.
11. Merknad frå grunneigarane på Solheim, brev 01.06.13 til Flora kommune.

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Kort omtale av dei ti prosjekta det er søkt om løyve til

Frå NVE har fylkeskommunen fått til uttale søknader frå fleire søkjarar om å bygge 10 småkraftverk i Flora kommune (jf. vedlagt oversiktskart utarbeidd av NVE). NVE ønskjer at høyringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men også alle sakene samla.

Klauvene Fornybar AS har søkt om løyve til på byggje Klauva kraftverk ved Norddalsfjorden:

- Klauva kraftverk vil nytte eit fall på 403 meter frå inntaket på kote 405 og ned til kraftstasjonen på kote 2. Det må byggast 1300 meter tilkomstveg til inntaket og ein kort vegstubb til kraftstasjonen. Installert effekt vil bli 3,4 MW og venta produksjon 9,3 GWh. Planlagt minstevassføring er 17 l/sek heile året.

SFE Produksjon har søkt om løyve til å bygge fire småkraftverk i Norddalsfjorden (jf. kart):



- Hestedalsvatnet kraftverk vil nytte eit fall på 191 meter frå inntak på kote 288 og ned til kraftstasjonen på kote 97 ved Litlevatnet. Vassvegen er planlagt som bora sjakt og rør i tunnel. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring frå inntaket på 200 liter/sek. om sommaren og 70 liter/sek. om vinteren (tilsvarande 5-persentilverdiane). Installasjon 3,8 MW. Venta årleg produksjon er 12,1 GW. Utbyggingspris 4,3 kr/kWh.
- Grønskredvatnet kraftverk vil nytte eit vassfall på 426 meter mellom inntak i Grønskredvatnet på kote 535 og kraftstasjon ved Storevatnet kote 109. Grønskredvatnet er planlagt regulert to meter. Vatn 731 skal overførast til Grønskredvatnet. Vassvegane er planlagt som bora sjakt, rør i tunnel og nedgrave rør. Det er planlagt å sleppe minstevassføring frå inntaket i Grønskredvatnet på 120 l/sek om sommaren og 40 l/sek om vinteren, tilsvarende 60 l/sek og 20 l/sek frå inntaket ved Vatn 731 (som 5-persentilverdiane). Installasjon 5 MW. Venta årleg produksjon 22,3 GWh. Utbyggingspris 3,9 kr/kWh.
- Myrbærdalen kraftverk vil nytte eit fall på 158 meter frå inntaket på kote 293 og ned til kraftstasjonen på kote 135. Det er planlagt 1 meter regulering for Myrbærdalsvatna. Vassvegen er planlagt som bora sjakt og rør i tunnel. Det er planlagt å sleppe minstevassføring frå inntaket tilsvarende 5-persentilverdiane: 190 l/sek sommar og 60 l/sek vinter. Installasjon 3,1 MW. Venta årleg produksjon 10,3 GWh. Utbyggingspris 6,6 kr/kWh.
- Litlevatnet kraftverk vil nytte eit fall på 80 meter frå inntak på kote 94 ved Litlevatnet og kraftstasjon på kote 14 ved Norddalselva. Det er planlagt 1 meter regulering for Litlevatnet. Vassvegen er planlagt som bora tunnel i det øvre partiet og greve ned rør i det nedre partiet (Alternativ A). (Alternativ B er planlagt med vassveg i fjell frå inntak til kraftstasjon). Planlagt minstevassføring tilsvarende 5-persentilverdiane: sommar 980 l/sek og vinter 540 l/sek. Installasjon 5,0 MW. Venta årleg produksjon 18,6 GWh. Utbyggingspris 3,7 kr/kWh.

Norsk Grønnkraft AS har søkt om løyve til å bygge to småkraftverk i Osen-vassdraget:

- Løkkebø kraftverk får eit fall på 155 meter, inntak på kote 220 og kraftverk på kote 65. Vassvegen er planlagt som borehol (200 m) og nedgravd rørgate (30 m). Installert effekt 2,1 MW og venta produksjon 5,0 GWh. Planlagt minstevassføring 99 l/sek om sumaren og 23 l/sek om vinteren.
- Botnaelva kraftverk får eit fall på 320 m, inntak på kote 381 og kraftstasjon på kote 61. Det er planlagt 1270 meter rørgate nedgravd i grøft, nedsprengt grøft og i dagen. Det er planlagt 1 meter regulering for Botnavatnet. Det må byggast ca. 2,5 km ny veg til kraftverket. Det vil bli bygt anleggsveg frå kraftverket og opp til inntaket. Installert effekt vil bli 2,5 MW og årleg produksjon 7,2 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 22 l/sek. om sumaren og 18 l/sek. vinteren, tilsvarende 5-persentilverdiane.

Langedal kraft (selskap under skiping) søker om løyve til å bygge:

- Langedal kraftverk med eit fall på 139 m, inntak på kote 215 og kraftstasjon på kote 76. Det er planlagt 1100 meter rørgate i gravd /sprengt grøft. I ein bratt skrent må rørgata liggje i dagen. Langs traseen vil det bli bygt anleggsveg frå eksisterande lokal veg til inntaket. Det er planlagt ca. 300 m permanent tilkomstveg til inntaket og 450 m veg til kraftstasjonen. Kraftverket vil få ein installert effekt på 3,0 MW og skal produsere 12 GWh. Det er lagt til grunn ei minstevassføring på 300 l/sek. om sumaren og 200 l/sek. om vinteren.

Småkraft AS søker om løyve til å bygge:

- Steindal kraftverk med eit fall på 112 m i Steindalselva og Støylselva som renn saman til Kleivaelva. Inntak på kote 210 og kraftstasjonen på kote 98. Vassvegen er planlagt som nedgravd rør med ei samla lengd på 3,25 km. Litleelva skal etter planen overførast til Steindalselva via eit 250 m langt nedgravd rør. Det trengs ikkje å bygge nye vegar. Kraftverket vil få installert effekt på 5,0 MW og skal gje ein produksjon på 16,1 GWh. Utbygging vil føre til redusert vassføring over totalt 5,5 km., fordelt på 300 m i Kleivaelva,

1870 m i Steindalselva, 1025 m i Støylselva og 1900 m i Litleelva. Det er planlagt minstevassføring på 200 l/sek. om sumaren og 100 l/sek. om vinteren.

Agledal Kraft AS søker om løyve til å bygge:

- Øvre Agledal kraftverk med eit fall på 133 meter frå inntaket på kote 355 og ned til kraftstasjonen på kote 222. Vassveg vil vere 1800 meter nedgravd rør. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,8 MW og skal gje ein produksjon på 10,3 GWh. Utbygging vil føre til redusert vassføring over ei strekning på 2 km. Det er planlagt ei minstevassføring på 83 l/sek. heile året, tilsvarende alminneleg lågvassføring.

## 2. Bakgrunn

### Lover/reglar/føresegner

- Lov om vassdrag og grunnvatn av 24. november 2000 nr. 82 – Vassressurslova (løyve til å bygge inntakskonstruksjon, vassveg i fjell, kraftstasjon, avløp frå kraftstasjonen)
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100.
- Oreigningslova av 23. oktober 1959 nr. 3
- Forureiningslova av 13. mars 1981 (gjennomføring av tiltaket)
- Energilova av 29. juni 1990, nr. 50 (løyve til bygging og drift av elektriske anlegg)
- Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50

### Samla plan for vassdrag

Norddalsvassdraget er handtert i Samla plan for vassdrag og er plassert i katetgori I, som opnar for konsesjonssøknad (Pollen kraftverk). I 1999 søkte SFE om konsesjon for bygging av eit redusert Pollen kraftverk. Utbygginga var m.a. basert på å overføre Hestedalsvatnet til Storvatnet i rør og oppdemming og senking av Storevatnet. Søknaden vart avslått i Olje- og energidepartementet. Elvane frå Grønskredvatnet, Vatn 731 og Myrbærdalsvatna som renn til Fessevatnet, var ikkje planlagt utnytta i Samla plan prosjekta

### Verneplan for vassdrag.

Inst i Nordalsfjorden har Solheimsvassdraget sitt utløp. Dette vassdraget er verna mot kraftutbygging.

### Fylkesdelplan for arealbruk

Inntaket til Klauva kraftverk vil ligge innafor regionalt viktig friluftsområde nr. 3 i fylkesatlas: Grytadalen/ Guleslettene.

#### *Eigna bruk:*

Tur sommar, Tur vinter, Jakt, Fiske

#### *Områdeskildring:*

Tilkomst: Rv 614 mellom Bremanger og Flora

Turutgangspunkt: Ved tunnelinnslaget i Grytadalen

Eit større turområde i Bremanger og Flora som ligg på sørsida av Midtgulfjorden.

Parkeringskapasiteten ved tunnelinnslaget er dårleg.

#### *Andre opplysningar:*

Dette er eit av masseutfartsområda i fylket.

Botnaelva kraftverk vil ligge like ved regionalt viktig friluftsområde nr.81 i fylkesatlas:

Osenvassdaget.

#### *Eigna bruk:*

Tur sommar, Tur vinter, Jakt, Fiske, Padling, Bading

#### *Områdeskildring:*

Tilkomst: Fylkeveg, riksveg 5 og 615

Turutgangspunkt: Osen, Storebru, Endestadvatnet

Vassdrag som strekker seg frå Høydalsfjorden i vest og aust til Krokstadvatnet på grensa mot Gloppen



kommune. Fleire større og mindre vatn med trongare parti innimellom. Vassdraget er lakseførande. Gode tihøve for bærplukking i området.

*Andre opplysningar:*

Mindre kraftutbygging, Skogheim-Sagefossen.



Klipp frå fylkesatlas: Regionalt viktige friluftsområde i Flora kommune

### Regional plan for vindkraft.

Fylkeskommunen har utarbeidd regional plan for vindkraft. I denne samanhengen vart det gjennomført ei landskapskartlegging. Her er områda rundt Litlevatnet, Storevatnet, Fessevatnet og Myrbærdalsvatna i Nordalsfjorden gitt status: Landskapsområde med regional verdi.

### Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging

Fylkeskommunen har utarbeidd Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging, fylkestinget des. 2012. Delområdet Flora-Bremanger omfattar største delen av Flora kommune pluss sørvestre delar av Bremanger (sør for Frøysjøen). Den delen av Osen-vassdraget som ligg i Gloppen (Storfjorden med omland) er i tillegg med.

I planen er det definert og markert fjordlandskap i heile fylket. Klauva kraftverk og Litlevatnet kraftverk ligg i fjordlandskap.

### Landskap, sitat frå planen:

Delområdet grensar i aust oppimot store verneområde; Ålfotbreen landskapsverneområde og Vingelva-, Solheim- og Nausta-vassdraga Området er prega av at det er relativt lite lausmassar sjølv i lågareliggande område. Største delen av området er kartlagd med omsyn til landskap (Uttakleiv 2009). Her er ikkje funne landskapsområde med nasjonalverdi, men det er mange område med regional verdi. Landskapsområde med regional verdi finn vi mellom anna ved Botnane (Pollen/Nord- og Sordalen), Uravågen/Uradsalen, Guleslettene, Vindspollen, Hedtdalen-Storevatn, Storebru/Oselva, Osen/Ostrupen og Helleviksundet/Brufjorden. Indre delar av delområdet er prega av fjordlandskap, med fjellområde innimellom. Norddalsfjorden er i hovudsak lite prega av moderne inngrep. På nordsida av fjorden ligg er det eit veglaust parti kring Terdalen. Aust for Terdalen er det også eit INON-område som når heilt ned til

fjorden. På sørsida er det ikkje INON-område, men også her er det større område som ikkje har vegar eller andre store inngrep. Aust for fjorden finn vi det verna Solheimsvassdraget.

I delområdet Flora - Bremanger er det markert 15 fossar/stryk som er eller har vore viktige landskapselement, jf. tabell som er henta frå planen. Agledalsfossen, Hestedalsfossane, Jonstadfossen, Løkkebøfossen og Fessene der det er søkt om utbygging, står i fosselista.

I den regionale planen sine retningslinjer står det at fossar som er viktige landskapselement, skal ha prioritert 3:

Interesser av stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere at utforming av kraftveket, og avbøtande tiltak, i stort monn reduserer eventuelle konflikter i høve til aktuelle arealinteresser.

Namn	Kommune	Lokalisering/merknad	Vasskraftprosjekt - kjent?	Vassføring
Foss frå Handklevvatnet ned mot Sørtdalen	Bremanger		Handklevvatnet er regulert.	Redusert
Elv frå Hjelmevatnet	Bremanger		Ja	Tørrlagd
Storefossen	Bremanger	Mellom Storefossvatnet og Litlevatnet	Ja	Tørrlagd
Svelgsfossen	Bremanger		Ja	Tørrlagd
Agledalsfossen	Flora	Agledalselva mellom Storebru og Svarthomle, Oselvsvassdraget	Nei	Naturleg
Brudesløret	Flora	Haukåa	Avslag	Naturleg
Elv frå Stølstjørna	Flora	Vest for Brudesløret	Konsesjon	Naturleg
Hestedalsfossane	Flora	Nordselva, fossar mellom Hestedalsvatnet og Litlevatnet	Avslag	Naturleg
Jonstadfossen	Flora	Inst i Agledalen, nedstrøms Jonstadvatnet, Oselvsvassdraget	Krav om konsesjonssøknad	Naturleg
Løkkebøfossen	Flora	Oselvsvassdraget	Søknad i kø?	Naturleg
Fessene	Flora	Mellom Fessevatnet og Storevatnet, Nordselva	ja	Redusert
Foss frå Grisebotsvatnet	Flora	v. Brudesløret	Ja	Tørrlagd
Storebotsfossen	Flora	Mellom Nedre Storebottsvatnet og Fessevatnet, Nordselva	Ja	Tørrlagd
Hovlandselva	Flora	Vest for Eikefjord sentrum	Ja	Redusert
Gygrefossen	Flora	Mellom Blåmannsvatnet og Vassevatnet	Nei	Naturleg

Tabell 3.2.1 Registrering av fossar/stryk; viktige landskapselement

Fisk og fiske, sitat frå planen:

I delområdet Flora-Bremanger er det fire laksevassdrag som det er vurdert bestandsstatus for. Oselva er det klart største og viktigaste laksevassdraget i dette delområdet. Bestandsstatus for laks i Oselva er god og karakterisert som "Moderat eller lite påverka bestand" (kategori 5a). Dei tre andre elvene der det finst laks er Riseelva, Indrehuselva og Norddalselva, alle desse elvene har bestandsstatus; "Ikkje sjølvreproduserande bestand" (kategori Y). Innanfor delområdet er det fleire mindre vassdrag som er viktige for sjøauren.

Det er nasjonale interesser knytt til storaure i delområdet. Storfjorden (Eimhjellevatnet) har ein av totalt fem storaurebestandar i fylket. Innløpselvane til Storfjorden kan vere viktige gyte- og rekrutteringsområde for storauren og vert i inngrepssamanheng vurdert på linje med anadrome elvestrekningar.

### Vassforskrifta

Nordalsvassdraget ligg i vassområde Sunnfjord i vassregion Sogn og Fjordane. Planprogrammet for området omtalar arbeidet og planprosessen fram mot ein godkjent forvaltningsplan for vassregionen i 2015. Gjennomføring av forvaltningsplanen skal skje i perioden 2016 – 2021.

### **3. Andre sitt syn på saka**

Flora kommune, planutvalet 21.05, utsette i bystyret 04.06, ny sak i bystyret 13.06.2013. Ny utsetting 13.06 – venta bystyrehandsaming 18.06.

Saksutgreiing til bystyremøtet er vedlagt: Rådmannen rår i frå utbygging for Grønskredvatnet kraftverk og Myrbærdalen kraftverk slik søknadene ligg føre. Rår dermed til at det vert gitt løyve til dei andre åtte prosjekta. Pga. fleire utsettingar i Flora bystyre, har fylkesrådmannen ikkje fått med vedtaka derifrå. Vi vil difor prøve å få desse ettersende.

Flora Turlag, brev til NVE og Flora kommune 02.06.2013, uttalen er vedlagt:

Turlaget går i mot kraftutbygging for tre av prosjekta i Norddalsfjorden: Hestedalsvatnet kraftverk med Hestedalsfossen, Grønskredvatnet kraftverk med Grønskredfossen og Myrbærdalen kraftverk.

### **4. Fylkesrådmannen har konkludert slik for kvart enkelt av dei ti prosjekta.**

#### Klauva kraftverk

Prosjektet bør kunne realiserast, men fylkesrådmannen meiner at det av omsyn til landskap bør sleppast minstevassføring om sommaren tilsvarande 5-persentilen: 138 liter/sek. Det må leggast vekt på støydemping, slik at støy ikkje får bre seg utover fjorden.

#### Hestedalsvatnet kraftverk

Dei fysiske tiltaka i utbyggingsområdet vil ikkje bli spesielt dominerande i og med at vassvegen skal gå i tunell og at det ikkje skal byggast veg til inntaket. Kraftproduksjonen skal førast bort via jordkabel. Det er planlagt å sleppe minstevassføring tilsvarande 5-persentilen sommar og vinter. Fylkesrådmannen meiner dette blir for lite vatn til å oppretthalde landskapsopplevinga knytt til fossane i sommarhalvåret, både når det gjeld lyd og synsinntrykk. Flora Turlag meiner at Hestedalsfossane er ein vesentleg del av naturopplevinga i dette området, og at dei vil bli kraftig reduserte ved den planlagde utbygginga. Fylkesrådmannen er samd i dette og rår i frå at vert gitt løyve

#### Grønskredvatnet kraftverk

Fessene og Grønskredfossen er viktige element i eit landskapsrom som står fram som urørt. Både lyden frå fallande vatn og synsinntrykk er viktig for dei som ferdast i området. Begge fossane er synlege over eit stort område. Øvre deler av Grønskredfossen fell ned over heilt nakne fjellsider. Det foreslått å sleppe minstevassføring frå begge inntaka tilsvarande 5-persentilen sommar (120 l/sek og 60 l/sek) og vinter (40 l/sek og 20 l/sek). Fylkesrådmannen meiner at for dette prosjektet med inngrep i fosselandskap både i nakne fjellsider og mellom dei to store vatna i området, kan det ikkje kompenseras for landskapsinteresser og friluftinteresser med minstevassføring. Her må kraftutbyggingsinteressene vike.

#### Myrbærdalen kraftverk

Konsekvensane av sjølva kraftutbygginga er ikkje spesielt store i og med at vassvegen skal borast og at det ikkje skal byggast veg til inntaket. Den nye 5,1 km lange vegen opp til den planlagde kraftstasjonen ved Fessevatnet, vil derimot bli eit omfattande og dominerande inngrep i det opne og nakne landskapet. Saman med andre prosjekt i området kan summen av inngrep bli svært stor. Prosjektet bør ikkje realiserast ut frå omsyn til landskap og friluftsliv.

#### Litlevatnet kraftverk

I Samla plan er det tidlegare vurdert i fleire prosjekt der Norddalselva vert påverka. Prosjekta var plasserte i kategori I, og kan konsesjonsøkjast. Tiltaket som det no vert søkt om, er mindre omfattande enn Samla plan prosjekta. Dei fysiske tiltaka i utbyggingsområdet vil ikkje bli spesielt dominerande i og med at heile eller deler av vassvegen skal gå i tunell. Veg til inntaket vil i hovudsak gå langs eksisterande veg som skal opprustast. Med grunngjeving ut frå landskapsmessige omsyn, er det planlagt å sleppe minstevassføring tilsvarande 5-persentilen sommar og vinter. Fylkesrådmannen vil rå til at det vert gitt konsesjon.

#### Løkkebø kraftverk

Løkkebøfossen er eit viktig landskapselement. Det fin utsikt til fossen frå fylkesveg 615 mellom Hyen og Storebru til fossen. Det er foreslått minstevassføring tilsvarande tre gonger 5-persentilen, dvs. 99 liter/sek. Dette er likevel lite vatn samanlikna med middelvassføringa på 730 liter /sek, og det vil ikkje ha særleg verknad for fossen som landskapselement. Fylkesrådmannen vil rå i frå at det vert gitt konsesjon.

#### Botnaelva kraftverk

Botnaelva er ikkje godt synleg i landskapet. Dermed vil også uttak av vatn bli lite synleg. Rørgate og anleggsveg opp til inntaket vil derimot bli godt synleg i ei tid framover. Det er lite vegetasjon og lausmassar i øvre deler, slik at nedgraving/sprenging av grøft for rørgata vil bli krevjande. Likevel er det truleg den nye tilkomstvegen frå Sagefossen kraftverk til den nye kraftstasjonen, som vil representere det største inngrepet. Her er det viktig at terrenginngrepa vert gjort på ein skånsam måte og dekkja til med stadlege lausmassar. Fylkesrådmannen vurderer fordelane ved tiltaket til å vere marginalt større enn ulempene, og vil rå til at det vert gitt konsesjon..

#### Langedal kraftverk

Agledalsfossen er godt synleg frå riksveg 5 mellom Florø og Førde. Det er busetnad og andre vegar i nærområdet. Tiltaket vil redusere verdien av elva/fossen som landskaps-element, men vil truleg ikkje ha særlege konsekvensar for friluftsliv. Søkjaren sitt forslag om minstevassføring vil dempe verknadene av utbygginga. Forslaget frå den miljøfaglege rådgjevaren vil utvide sesongen med sommar-minstevassføring og auke minstevassføringa om vinteren noko. Dette vil virke positivt også for det visuelle inntrykket av fossen. Utbygginga er i utgangpunktet rimeleg, slik at det bør vere rom for å utvide perioden med sommar-minstevassføring. Det er aktuelle utbyggingsprosjekt i nærområdet, men det kan ikkje ventast spesielle, negative sumverknader. Fylkesrådmannen vil rå til at det vert gitt konsesjon.

#### Steindal kraftverk

Tiltaksområdet er frå før påverka av vegar, kraftlinjer, busetnad og kraftutbygging. Dei nye tiltaka vil vere i same skala som eksisterande anlegg og vil ikkje virke dominerande verken lokalt eller på avstand. Fylkesrådmannen vil rå til at det vert gitt konsesjon.

#### Øvre Agledal kraftverk

Tiltaksområdet er frå før påverka av vegar og kraftlinjer. Dei nye tiltaka vil vere i mindre skala enn eksisterande og planlagde kraftlinjer. Jonstadfossen vil bli redusert gjennom utbygginga. Tiltaket vil redusere verdien av elva/fossen som landskapselement, men vil truleg ikkje ha særlege konsekvensar for friluftsliv. Søkjaren sitt forslag om minstevassføring vil dempe verknadene av utbygginga, men den bør aukast til dobbel 5-persentil, dvs. ca. 190 liter/sek., av omsyn til landskap. Det er aktuelle utbyggingsprosjekt i nærområdet, men utbygging av Øvre Agledal kraftverk vil truleg ikkje føre til spesielt negative sumverknader. Fylkesrådmannen vil rå til at det vert gitt konsesjon.

### **5. Søkjarane sine vurderingar av samla verknadar/sumverknader**



I dei fleste av dei ti søknadane er det gjort vurderingar knytt til samla påverknad/sumverknader. Det er m.a. vist til at det ikkje ligg føre ein etablert metodikk for samla vurdering av fleire vasskraftprosjekt i eit område.

I søknaden frå Klauvene Fornybar AS er det gjort slike vurderingar:

Det ligger inne en søknad om konsesjon for Guleslettene Vindmøllepark AS, som ligger nord for Langevatnet og videre vestover mot Botnane. Dette er dog et stykke unna. Haukå småkraftverk som ligger 5 km øst fikk avslag på den største utbyggingen, men det ble gitt konsesjon til et lite kraftverk. Det er også gitt konsesjon til ett kraftverk til 5 km vest for tiltaksområdet, men disse er ikke bygd. Det er ikke kjent at det foreligger planer om andre inngrep i prosjektområdets nærområde. Vi vurderer at Klauva kraftverk kan vurderes isolert, og tiltaket vil samlet sett ha liten negativ konsekvens, og til å være lite konfliktylt.

SFE AS er den av søkjarane som har flest prosjekt (4, alle i Norddalsvassdraget) og er også den som har gjort dei mest omfattande vurderingane av sumverknader, m.a. for tema biologisk mangfald inkl. terrestrisk og akvatisk miljø, INON, landskap og brukarinteresser. Sitat:

#### Biologisk mangfald

Vegetasjonen i området er vanleg for regionen, men det er ein del verdifulle naturtypar.

##### *Terrestrisk miljø*

Det er fleire registrete naturtypar i området. Litlevatnet har ein lokalitet med rik edellauvskog (stor verdi), som ligg innanfor influensområdet for flora. Dette området vil bli rørt om alternativ med nedgrava røyr blir valt.

For prosjektområdene til Hestedalsvatnet og Grønskredvatnet er det fleire prioriterte naturtypar som ligg innanfor influensområdet for flora. Grønskredvatnet og Vatn 731 kjem under naturtypen naturleg fisketomme innsjøar og tjern. Denne typen høgtliggande fattige vatn er det mykje av i området, slik at lokalitetane er vurdert som lokalt viktige (liten verdi).

Ludvikbotneelva har delar som kan karakteriserast som den prioriterte naturtypen bekkekloft. Områda er vurdert til å ha liten verdi. Kraftstasjonen til Grønskredvatnet kraftverk er planlagt rett ved eit område med gammal fattig edellauvskog av middels verdi. Ca 200 meter nordaust for planlagt kraftstasjon er det ein svært stor og gammal furu, som er registrert som naturtypen ”store gamle trær”. Furu er gitt middels verdi. Den planlagde påbygginga av vegen inn til kraftstasjonen vil gå gjennom eit område med beiteskog og eit område med gammal fattig edellauvskog, kor beiteskogen er gitt stor verdi, medan edellauvkogen er gitt middels verdi. Langs siste del av eksisterande veg ligg det eit anna område med gammal fattig edellauvskog, som og er gitt middels verdi. Ein raudlista lav, skorpefiltlav (NT), er tidlegare påvist rett nord for denne lokaliteten. Det vil bli negativ påverknad på nokon av desse naturtypane i samband med etablering av ny veg, kraftstasjon og nedgrava røyr.

I influensområdet til Myrbærdalen kraftverk er det registrert ei bekkekloft av liten verdi, gammal barskog av middels verdi og kystfuruskog av middels verdi (inkludert i naturtypen gammal barskog). Gammal fattig edellauvskog er registrert like utanfor influensområdet. Redusert vassføring vil påverke artar i bekkeklofta negativt. Planlagt veg inn til området vil gå gjennom prioriterte naturtypar med kystfuruskog og gammal barskog, og vil gjere lokalitetane tydelig meir påverka av menneske.

Raudlistearter som går igjen for alle prosjektområdene er strandsnipe, fiskemåke og storlom (alle NT). Strandsnipe er ein vanleg art i Noreg og man finner den gjerne i område som er egna for småkraftutbygging. Utbygginga påverkar arten i liten grad. Fiskemåke og storlom vil truleg heller ikkje bli påverka mykje av utbygginga.

Det er mykje hjort i området, men utbygging av kraftverk antakast ikkje å ha nokon negativ påverknad på arten. Hjort er eit ganske tilpassingsdyktig dyr og småkraftutbygging gjer ingen kjende negative effektar.

##### *Akvatisk miljø*

Området har generelt liten verdi for akvatisk miljø. Alle delane av vassdraget som vil bli rørt av evt utbygging er ovanfor anadrom strekke. Det er ikkje bestandar av storaure i nokon av vatna.

Prosjektområda er lite trulig levestad for elvemusling og ål. Redusert vassføring vil påverke aure og ferskvassinvertibratar negativt. Mindre vassdekt areal vil gje lågare tettleik av individ av fisk og insekt.

### INON

Utbygging av dei planlagde kraftverka vil samla føre til bortfall av 5,04 km<sup>2</sup> INON sone 2 (Figur 3.8). INON sone 1 og villmarksprega område vil ikkje bli rørt. Samla for prosjekta er bortfallet ikkje særlig stort, og området er betydeleg rørt i samband med INON frå før.

### Landskap

Det er fleire viktige landskapselement i området. Dei viktigaste er dei tre fossane Hestedalsfossen, Grønskredfossen og ”Fessene”. Alle desse er synlege frå store delar av området. Landskapet generelt er karakteristisk med særprega trappetrinnsformasjonar. Formene er karakteristiske for Ytre Nordfjord. På hyllene samlar nedbør seg i naturlege groper, og dannar små vatn. I dei bratte skrentane mellom trinna går elvene ofte i fossar som dannar viktige landsskapselement. Som fylgje av tynt jordsmonn, er det skrinne vegetasjon på trinna i formasjonane. Generelt er landskapsbiletet dominert av mykje snaufjell. Realisering av utbygging av elvane vil medføre synlege terrenginngrep og redusert vassføring. Den samla belastninga dersom alle kraftverk byggast ut, kan dermed bli stor. I eit landskapsrom kan små enkeltinngrep vere lite framståande, men mange små inngrep reduserer gjerne inntrykket av urørtheit.

### Brukarinteresser

Delar av område brukast ein del til friluftsliv. Spesielt området rundt Litlevatnet brukast mykje, bl.a. av skoleklasser, både til overnatting og dagsturar (Sigbjørn Solheim, pers. medd.). Området brukast noko til toppsturar på ski, spesielt Haukåbøra er eit populært turmål (Anders Espeseth, pers. med). Området er rikt på hjort og det drives jakt i heile området. Småviltjakt er mindre utbredt (Sigbjørn Solheim, pers. med.).

Når det gjeld fiske er det aure i dei fleste rørte vatna (ikkje Grønskredvatnet og vatn 731), men av dårleg kvalitet og til dels småfallen (Schei 1998). Litlevatnet brukast en del til fiske av bl.a. skoleklasser (Sigbjørn Solheim, pers. medd.). For eventuelle turgåarar i området vil redusert vassføring, samt alle tekniske inngrep bli forstyrrende element i landskapet. Tiltaket kan verke noko forstyrrende på jakta i anleggsperioden, men i driftsfasen vil all jakt kunne halde fram som før. Redusert vassføring i elvane vil gjøre det enklare for jegerar å krysse elvane.

Norsk Grønkraft har i søknadene for Løkkebø og Botanelva kraftverk gjort slike vurderingar:

Virkninger og konfliktgrad er avhengig av om det finnes lignende kvaliteter utenfor utbyggingsområdet. Det skal ikke så mye til for at en litt større bekk eller elv kan kompensere for de små verdiene som går tapt ved å bygge ut Løkkebø. Det er også vassdrag i området som er vernet, for eksempel Solheimsvassdraget og Nausta. Alt i alt regner vi med at det både i Flora og tilgrensede kommuner er flere litt større bekker og mindre elver som kan kompensere for de verdiene som eventuelt går tapt ved å bygge ut Løkkebø.

Virkninger og konfliktgrad er avhengig av om det finnes lignende kvaliteter utenfor utbyggingsområdet. Det skal ikke så mye til for at en litt større bekk eller elv kan kompensere for de små verdiene som går tapt ved å bygge ut Botnaelva. Det er også vassdrag i området som er vernet, for eksempel Solheimsvassdraget og Nausta. Alt i alt regner vi med at det både i Flora og tilgrensede kommuner er flere litt større bekker og mindre elver som kan kompensere for de verdiene som eventuelt går tapt ved å bygge ut Botnaelva.

Småkraft AS har i søknaden for Steindal kraftverk gjort slike vurderingar:

Utbyggingsområdet er allerede preget av inngrep slik som veier, kraftledning, oppdyrket mark og utbygd kraftverk. Tiltaket vil etter utbyggerens mening ikke medføre vesentlig økt belastningen på naturens mangfold, landskap og friluftsliv innenfor utbyggingsområdet. Som vist i figur 3 er det flere konsesjonssøkte kraftverk i området, i tillegg vil planlagt kraftledning 420 kV – Ørskog Fardal komme nordøst for nedbørfeltet til Steindal kraftverk.

## 6. Fylkesrådmannen si vurdering av samla verknader/sumverknader.

Fylkesrådmannen har vurdert dei ti prosjekta kvar for seg, jf. avsnitt 4 framafor og dok. 4-13 som følgjer saka. I sluttfasen av arbeidet er det gjort nokre generelle og samla vurderingar.

### Kulturminne

Tilhøvet til kulturminne frå nyare tid er generelt dårleg omtalt i alle konsesjonssøknadane. Det er heller ikkje lagt ved utfyllande materiale om kulturminne frå nyare tid som kunne ha supplert informasjonen i søknadene. Ei fylje av dette er at fylkeskommunen vanskeleg kan vurdere korleis tiltaka vil påverke kulturminna og i kva grad vi kan vere einig i vurderingane i søknadene. Det er generelt lagt ved bilete frå områda for å syne kvar dei planlegg dammar, kraftstasjonar og liknande. Ut i frå dette bildematerialet og databasar ser det ut som om at det er forholdsvis få kulturminne frå nyare tid som vert direkte råka av tiltaka. Verknaden av å ha kraftanlegg i nærleiken av kulturminne frå nyare tid er i hovudsak ikkje omtala i søknadane og det er heller ikkje gjort ei vurdering av dette.

Når det gjeld automatisk freda kulturminne, er det viktig at tiltakshavarar tek kontakt med fylkeskommunen slik at § 9 undersøkingar, jamfør lov om kulturminne, kan gjennomførast så tidleg som mogeleg i prosessen. Dersom det vert påvist viktige funn av nasjonal interesse, kan det bli aktuelt å gjere justeringar av tiltaka. Fylkeskommunen ber i den samanhengen om å få oversendt kartmateriale som viser alle tiltak som er knytt opp mot vasskraftprosjekta, t.d. massedeponiområde, anleggsvegar, riggområde m.m. Fylkeskommunen ber NVE om at det vert sett som vilkår i sakene at § 9 undersøkingane skal gjennomførast i god tid *før* anleggsarbeidet går i gang. Det mest tenlege er om NVE har som vilkår at § 9 skal gjennomførast som premiss for at konsesjon vert gjeven i kvar enkelt sak.

### Landskap og friluftsliv/brukarinteresser

Fylkesrådmannen vil særleg trekke fram verdien av landskapet rundt Litlevatnet, Storevatnet og Fessevatnet i Nordalsfjorden. I uttalen frå Flora Turlag er området omtalt slik:

Dette området er eit av dei finaste og mest nytta turområda i Flora kommune. Sjølv om det er bygt ein enkel landbruksveg inn til Litlevatnet, kan området seiast å ha nærmast villmarkspreget. Det er heilskapen i området som utgjer dette preget – markerte geologiske formasjonar, store vass-speil, spektakulære fossar, gammal skog med nærast urskogpreg. Området er lett tilgjengeleg. Etter berre ein halvtimes gange er ein inne i området. Området er ein del av turrutenettet frå Botnane til Hye fjorden. Dette har fått rosande omtale i m.a. Fjell og vidde, organet til Den norske turistforening.

Fylkesrådmannen meiner at denne omtalen er treffande, og at kraftutbygging i områda frå vatna og oppover langs tilløpselvane ikkje bør realiserst.

Fylkesrådmannen har vurdert sumverknader for dei andre prosjekta i søknaden, men har ikkje funne avgjerande konflikhtar knytt til desse. Prosjekta ligg slik plassert at dei ikkje påvirkar same landskapsrom.

### Økonomiske tilhøve

Det er opp til den enkelte søkjaren å vurdere framtidig lønsemd knytt til sitt prosjekt. Det er mange faktorar som påverkar resultatet over kraftveret si levetid. Ein indikator på om eit prosjekt er dyrt eller billeg å bygge ut er utbyggingsprisen = utbyggingskostnad / årleg middelproduksjon i kr/kWh. Nedanfor er det sett opp ein tabell som viser aktuelle tal for dei ulike prosjekta. Myrbærdalen kraftverk merker seg ut som det klart dyraste prosjektet å bygge ut.

Prosjekt	Utbyggingskostnad mill. kroner	Årleg produksjon GWh	Utbyggingspris Kr/kWh
Klauva	40,7	9,3	4,38
Hestedalsvatnet	52	12,1	4,30
Grønskredvatnet	88	22,3	3,90
Myrbærdalen	68	10,3	6,60
Littlevatnet	69,5	18,6	3,70
Løkkebøfossen	19,2	5,0	3,84
Botnaelva	30	7,2	4,10
Langedal	30,5	12,0	2,54
Steindal	54,6	16,1	3,40
Øvre Agledal	30	10,4	2,89
<b>Sum</b>	<b>482,5</b>	<b>123,3</b>	<b>3,90</b>

#### Samla konklusjon

Fylkesrådmannen gjer framlegg om å tilrå konsesjon for seks av dei omsøkte anlegga, med konkrete framlegg til avbøtande tiltak for nokre av dei. Dette gjeld: Klauva kraftverk, Littlevatnet kraftverk, Botnaelva kraftverk, Langedal kraftverk, Steindal kraftverk og Øvre Agledal kraftverk.

For dei fire andre anlegga: Hestedalsvatnet kraftverk, Grønskredvatnet kraftverk, Myrbærdalen kraftverk og Løkkebø kraftverk, rår fylkesrådmannen frå at konsesjon vert gitt med hovudvekt på konsekvensar for friluftsliv og landskap.

... Sett inn saksutredningen over denne linja [↑](#)